

Kundefesten til Spar vart ein heidundrande folkefest!

03.10.2015



Ein fantastisk folkefest.

Kundefesten til Spar vart litt av ein folkefest. Ramma var fantastisk med det flottaste haustver ein kan tenkja seg. Innhaldet som vår kjære Spar-butikk stod for, vart heilt supert. Ikkje rart publikum storkosa seg og var i godt humør. Spar spanderte ein særdeles velsmakande meny tilpassa alle aldersgrupper.



[God underholdning på sognedialekt.](#)

Hovudtrekkplaster var dei to sogningane Finn Tokvam og Olav Stedje. Dei to utfylte kvarandre sædeles godt. Her fekk vi høyre ein del av Stedje sine vakre og udøyelege songar medan begge bidrog med gode dosar med folkeleg bygdehumor av høg klasse. Latterbygene kom tett, og til tider var det så høglytt at ein kunne frykta at duken i revyteltet skulle ta skade. Humørtimen med dei to underhaldarane vart så avslutta med at Olav Stedje song Den fyrste song av Per Sivle. Ingen syng den vakrare enn Olav, sa Finn Tokvam, og det er ikkje vanskeleg å vera einig i det. Sjølvsaft måtte dei opp med ekstranummer. Ikkje tvil om at Spar-gjengen traff blink då dei hyrte inn dei to.

Men kundefesten var langt meir! Det var ei rekkje kjekke konkurransar, aktivitetar og gratislotteri. Ein haug flotte premiar og gevinstar vart delt ut, og alle som var blant dei heldige og vann, er blitt kontakta.

For dei unge var rodeo-oksen Theobald ekstra populær. Mange tøffe born hadde seg ein tur på okseryggen. Oksen trur eg ikkje fekk kvila eit sekund dei timane festen varte. Men eg såg ingen vaksne som var tøffe nok til å prøva.

Det vart sagt av den dugande konferansieren Sigurd Børve at ingen skulle gå svoltne heim. Det trur eg vart oppfylt. Her var det både lapskaus og gryterett med flatbrød og focaccia. Etterpå var det både kvit dame og sjokladekake til kaffien.

Det vart ei kjempestund. Vi er heldige som har ein slik butikk! Eg gjer meg til talsmann for resten av festlyden og seier tusen takk for festen.

Sjølvsaft er ikkje eg i stand til å formidla opplevinga. For å bøta på dette har eg laga ein biletserie som de [finn her](#). Det finn den også under biletgalleri i venstre kolonne.



Takk for ein flott fest til Kjersti N. Børve, Bente Nilsen, Olav Stedje, Finn Tokvam og Gunn Mari Moberg.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.